



Gunvald og Knut fann nokre heller utdaterte ,men kanskje meir visuelle enn dagens. (Foto: Thor Inge Døssland)

Musikklaget har lenge vore på jakt etter ny lagerplass for korpset sine eignelutar. Dei har hatt mellombels lager i 2. etasje på S-lagsbygget. Dei siste 2 åra har dei vore arbeidd for å få ei meir permanent lagerordning. Det har vore vanskeleg å finna, men no har dei fått avtale med Uskedal Utvikling om lagerrom i Gamleskulen. Også der er det i første omgang ei mellombels løysing.



Det er ikkje berre instrument som skal flyttast. Notar etter fleire tiårs med aktivitet skal også avgarde. (Foto: Thor Inge Døssland)

Torsdag føremiddag var ein seks manns sterk dugnadsgjeng i arbeid med å flytta korpset sine eignelutar til gamleskulen. Knut Stensletten, Gunnvald Friheim, Bjørgulv Eik, Svein A. Sunde, Ståle Eik og Thor Inge Døssland sytte for at instrument, uniformer, fana, noter og andre eignelutar fekk ny lagerplass. Dette har sjølvstort stor verdi målt i kroner. Likevel har mykje av det mest verdi som historisk materiale, og det er ein viktig del av bygda si kulturhistorie.

I tillegg til sjølve flyttingsarbeidet, var det sjølvstort tid for mimring. Mellom dei gamle instrumenta kjente både Knut og Ståle att dei første instrumenta dei fekk opplæring på av Sigurd Wang i Guttemusikken. Både tubaen Knut starta på, og althornet som Ståle bles sine første tonar på, var med på flyttelasset. Elles vart det knytt mange og gode minne både til instrument og ulike notesett!

Det vart bladd i gamle årsmeldingar, og ein let seg imponera både av høg aktivitet og store rekneskapstal. Frå årsmeldinga 1988/89 tar vi med: - Høgdepunktet denne sesongen var sjølvstort deltakinga i Hordaamatøren i sjølvaste Grieghallen. For første gong i historien vann musikklaget ein korpiskonkurranse. Dei kom heim både med pokal, diplomar og flotte dommarkommentarar.

At historien treng takast vare på, var tydeleg; fleire i dugnadsgjengen som var deltakarar den gongen, hadde gløymt denne storhendinga. Derimot hugsa dei godt den store opplevinga då dei overraskande kom på 2.plass i same konkurransen sesongen i førevegen.

Musikklaget er glad for at dei endeleg har fått ein meir ordna lagersituasjon. Samstundes dei svært takksame for den velvilje og det tolmodet Alf og Trond i E & M Holding har vist, slik at eignelutane har kunna bli lagra hos dei heilt til no.

Av Thor Inge Døssland



I ei slik stund er det lov å mimre litt også. (Foto: Thor Inge Døsland)